



Seim Bygg AS
Nesbrekka 28
5912 SEIM

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/1667 - 22/59600

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@alver.kommune.no

Dato:
05.08.2022

Avslag på søknad om ferdigattest - gbnr 172/218 Hopland

Administrativt vedtak.	Saknr: 834/22
Tiltakshavar:	Pål Børslid
Ansvarleg søkjar:	Seim Bygg AS
Søknadstype:	Søknad om ferdigattest

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 21-10, jf. byggesaksforskrifta § 8-1, vert søknad om ferdigattest for bustad på gbnr 172/218 avslått. Grunngevinga for vedtaket går fram av saksutgreiinga.

Når søknaden er avslått må ny søknad om ferdigattest sendast inn når vilkåra er oppfylt.

Tiltak

Seim Bygg AS har søkt om ferdigattest for bustad på gbnr 172/218 den 12.04.2022.

Kommunen har sendt ut brev om manglar i saka den 03.05.2022 med frist for supplering sett til 15.06.2022. Vi har ikkje mottatt tilleggsdokumentasjon i saka.

Planstatus

Eigedommen ligg i regulert område innanfor det som i reguleringsplanen for Nilshøyen er avsett til byggeområde for bustadar, BF3.

VURDERING:

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at han ikkje er fullstendig. Dette gjeld mellom anna følgjande forhold:

- Det ligg ikkje føre mellombels bruksløyve eller ferdigattest for teknisk infrastruktur innanfor aktuell del av planområdet.

Teknisk infrastruktur for området er godkjend etablert i rammeløyve datert 17.08.2018 i sak 18/1688. Dette omfattar veg, vatn og avløp innanfor reguleringsplanen for Nilshøyen. Det er gitt mellombels

bruksløyve for del av tiltaket som omfattar omdelfelt BF1 og BF2 i vedtak datert 26.02.2021 i sak 21/1463. Frist for ferdigstilling av resten av anlegget (VVA til delfelt BF3-6) vart opplyst til 28.02.2022. Det er ikkje søkt om mellombels bruksløyve eller ferdigattest for resterande del av anlegget.

Når teknisk infrastruktur ikkje er ferdigstilt for delområde BF3 kan kommunen ikkje gje ferdigattest for bustaden på gbnr 172/218. Det vil heller ikkje vera grunnlag for å gje mellombels bruksløyve. Søknaden om ferdigattest vert avvist.

Regeleverk

- Krav om sluttkontroll og ferdigattest følgjer av plan- og bygningslova (pbl) § 21-10.
- Viss du skal endre bruken av bygningen krev dette søknad, jf. pbl § 20-1 bokstav d).

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentlig forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Med vennleg helsing
Alver kommune

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Pål Børslid

Fuglevikvegen 32 B 5912

SEIM

Mottakarar:

Seim Bygg AS

Nesbrekka 28 5912

SEIM